

Furuknap Brita G.

Fra: Froydis.Solbakk@voss.kommune.no
Sendt: 8. november 2005 15:13
Til: Postmottak BFD
Emne: Høyring-forslag til revidert rammeplan for barnehagen

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
330.01	
- 9 NOV 2005	
NATSDIR	SIGN.:
2005/03586	

-197



05028893.doc (38
kB)

Her kjem fråsegn frå Voss kommune.

(See attached file: 05028893.doc)



VOSS KOMMUNE

Kommunalavdeling for pedagogiske tenester

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Vår ref
05/1325 - 17784/05

Etat/ avd.
PED

Saksbeh
FS

Ark.
A10

Dykkar ref.

Dato
21.10.2005

REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Vi viser til Dykkar høyringsnotat av 07.september, og med svarfrist 07. nov.

Fråsegna byggjer m.a. på innkomne fråsegner frå samarbeidsutvala i kommunale barnehagar.

Moment vi stiller oss positiv til:

- Forenkling av sjølve planen
- Utarbeiding av temahefter til fagområda
- Positivt at måla i fagområda som er knytt til barna formulert som prosessmål
- Positivt at det blir sett krav til dei tilsette gjennom mål for fagområda.
- At det er lagt vekt på å stryka samarbeid med barnevernet og helsestasjonen
- At barna og foreldra sin rett til medverknad er styrkja i planen
- Leik og læring, viktig og positivt at ein set fokus på barnehagen som læringsarena.

Moment vi har merknader til:

- I planen står det at det er viktig å arbeida med barna sine sosiale ferdigheiter og deira sosiale forståing. Her ønskjer vi å oppretthalde omgrepet; sosial kompetanse.
- Barnehagen sitt verdigrunnlag skal byggja på den kristne formålsparagrafen. Vi stiller spørsmål om dette er heilt i tråd med det fleirkulturelt samfunnet vi lever i. Vi meiner at dette bør vera opp til foreldra å bestemma.
- Det er sett opp mål for både vaksne og barn knytt til fagområda. Vi saknar mål til områda omsorg og oppdragelse, leik og læring. Dette kan vera med å skapa meir heilskap i planen.
- Planlegging, dokumentasjon og vurdering. Vår kommune har alt utarbeida kommunalt system og retningslinjer for vurderingsarbeid og krav til dokumentasjon. Vi meiner dette er eit eigaransvar og ikkje styrar sitt ansvar åleine.
- Vi meiner planen set for mykje fokus på einskildbarnet kontra barnegruppa.
- Kap 2.6 omhandlar "fysisk miljø som fremmer all barns utvikling" der står det blant anna at dersom barnehagen ikkje har tilfredsstillande uteareal må den nytta seg av nærliggjande områder. Her meiner vi at det bør stillast krav til at alle barnehagar må ha eit godt og variert nok uteleikeareal i barnehagen.
- I kap 4 omsorg og oppdragelse, her bør dep presisere at personalet har ei oppdragaroppgåve i nært samarbeid med foreldra og at foreldra har oppdragaransvaret.

Kommunen vil elles understreka behovet for auka midlar til sektoren til kompetanseheving i høve til implementering av ny lov og ny rammeplanen.

Med helsing

Einar Hauge
Rådmann

Else Berit Kyte
kommunalsjef